
Fra: Postmottak Meland
Sendt: 6. juli 2015 11:09
Til: Postmottak Meland
Emne: Flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika til Holme - uttale

Fra: Postmottak Meland
Sendt: 6. juli 2015 11:07
Til: Postmottak Meland
Emne: søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika til Holme - uttale

Fra: Ola Midttun [<mailto:Ola.Midttun@fiskeridir.no>]
Sendt: 6. juli 2015 10:59
Til: Postmottak Meland
Emne: Meland kommune - Blom Fiskeoppdrett AS 840215512 søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika til Holme - uttale

Meland kommune
Postboks 79
5906 FREKHAUG

Sakshandsamar: Ola Midttun
Telefon: 46888567
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon
Vår referanse: 15/9001
Dykkar referanse: 15/1419
Vår dato: 03.07.2015
Dykkar dato: 30.06.2015

Att: Anny Bastesen

MELAND KOMMUNE - BLOM FISKEOPPDRETT AS 840215512 SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL FOR FLYTTING AV OPPDRETTSANLEGG FRÅ LAKSEVIKA TIL HOLME - UTTALE

Vi viser til e-post av 30.06.2015 frå Meland kommune med høyring av søknad frå Blom Fiskeoppdrett AS som gjeld dispensasjon frå kommuneplanen for flytting av oppdrettsanlegg frå lokalitet 10080 Laksevika til ny lokalitet ved Holme.

Om søknaden

Blom Fiskeoppdrett AS søker om dispensasjon etter Plan- og bygningslova for flytting av oppdrettsanlegg frå godkjent lokalitet 10080 Laksevika til ny lokalitet ved Holme som ikkje er sett av for akvakultur etter gjeldande kommuneplan. Bakgrunnen for flyttinga er at utviding og oppgradering av anlegget i Laksevika er i konflikt med militær forbodssone.

I kommune sitt arealplankart er arealbruk i sjøområdet ved Holme synt etter hovedføremålet 'Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone'. Jf planførsegna er arealbruk etter dette hovedføremålet definert slik; «Areal avsett til hovedføremålet kan utnyttes i samsvar med de aktuelle underføremåla med unnatak av akvakultur og småbåthamn, §§ 11-7, 3.ledd, 11-9 og 11-11».

Vurdering av søknad

Fiskeridirektoratet region Vest meiner primært at spørsmål kring endring av akvakulturområde skal løysast gjennom revisjon av kommuneplanen i staden for at ein fremjar dispensasjonssøknad. Kommuneplanprosessen er meir omfattande, og ein vil betre kunne vurdere alle interesser opp mot kvarandre samanlikna med ein dispensasjonssøknad.

Det er ikke registrert særskilde fiskeriinteresser i det omsøkte sjøområdet i Fiskeridirektoratet si kartdatabase. Som det vert opplysa om i kommunen sitt brev, er sjøområde nord for Holme sett av som fiskeområde (låssetting) i kommuneplanen.

Fiskeridirektoratet region vest kan ikkje sjå at dispensasjon for akvakultur i sjøområde ved Holme vil medføre vesentleg auka konfliktpotensial med fiske, men vi tek likevel etterhald for at fortøyngssystem ikkje kjem i berøring med fiskeområde. Dette er spørsmål som vi vil kome attende til i samband med handsaming av ein eventuell søknad om løyve etter Akvakulturlova.

Med helsing

Kari Morvik
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan underskrift

Mottakarliste:

Meland kommune

Postboks 79

5906

FREKHAUG

Kopi til:			
Fiskarlaget Vest	Slottsgt. 3	5003	BERGEN
Fylkesmannen i Hordaland	Miljøvern- og klimaavdelinga	5020	BERGEN

Kopi til:			
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Kystverket Vest	Plan- og Kystforvaltningsavdelingen	6025	ÅLESUND

Vedlegg